
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 5. januar 2017 11:32
Til: Mette Marei Træland
Emne: Takk for ditt høringssvar til Høring Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver

Referanse: 16/7240
Høring: Høring Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver
Levert: 05.01.2017 11:31
Svartype: Med merknader
Kontakt avsender: Meland kommune
Kontaktperson: Mette Marei Træland
Kontakt-e-post: mette.m.traland@meland.kommune.no
Tittel: Høringssvar -ny rammeplan for barnehage, frå Meland kommune.
Uttalelse:

Utval for levekår 83/2016 Meland kommune gjev høringssvar i samsvar med det som står i saksutgreiinga, med 9 tilleggspunkt/ endringar:

Forslaget til ny rammeplan fungerer som eit tydelegare styringsdokument. Den nye rammeplanen er tydleg på forventningar. Den inneheld klare mål for dei ulike fagområda.

Forslag til ny rammeplan fungerer som eit velegna dokument for barnehagepersonalet.

Den nye rammeplanen inneheld tydelege forventningar til personalet i barnehagen.

Personalet skal....

Barnehagen skal bidra til.....

Tydeleg ansvars og rollefordeling.....

Forslag til ny rammeplan iveretek barnehagen sitt breie samfunnsmandat

Ja, gjennom arbeid med mange ulike tema vert samfunnsmandatet ivareteke

Livsmestring

Demokrati

Likeverd og likestilling

Bærekraftig utvikling

Mangfald

Handlingane våre i dag får konsekvensar i framtida.

Utdjuping av veiledningsmateriell:

Barnehagefagleg rådgjevar har sendt inn framlegg til UDIR, etter konferanse i Bergen i november..

- *(Ein ser at det er naudsynt for meir materiell på UDIR sine nettsider.)*

UTVAL FOR LEVEKÅR 83/2016 samrøystes framlegg i tillegg til administrativ saksutgreiing:

1. Setninga "Dette gjeld ikkje berre for barn som går i barnehage "Tredje avsnitt i vurderinga vert bytta ut med: At eit barn går i barnehage kan vera med å motverka dette."

2. Formålsparagrafen bør fyrst inn i kapittelet ! "1. Barnehagens verdigrunnlag."

3. "Like muligheter" under overskrifta " Likeverd og likestilling" i avsnitt 3 på side 5, vert supplert med: "lik verdi"- "Like muligheter og lik verdi."

4. Under overskrifta "3.Barnehagens formål og innhold", vil Meland kommune presisiera at både " trygt" og "utfordrande" er viktige, og at det eine ikkje må gå utover det andre. Det er ei reell fare for at HMS -reglar gjer at det ofte vert lagt meir vekt på "trygt" enn på utfordrande, og at dette må ein vera medviten om i praksis.

5. Det er flott at høyringsutkastet legg vekt på leik, danning, og eit breitt læringssyn.

6. Det er flott at høyringsutkastet legg opp til stor tillit og fridom til barnehagetilsette.

7. Det er bra at høyringsutkastet tek opp temaet kring digital praksis og digitale verktøy. Under "Barnehagens digitale praksis " på s.11, kunne det gjerne og stått noko om mediesamfunnet og korleis barn kan forholde seg til det.

8. Meland kommune vil peika på at det kan vera utfordrande å krevja lik kvalitet av alle barnehagar uavhengig av økonomiske rammer.

9. Under "Dokumentasjon" på s.19, bør ein presisera at krav til dokumentasjon ikkje handlar om å kartleggja barn, og at ikkje alt ein gjer må dokumenterast. Det kan fort bli for stor vekt på dokumentasjon i høve til å fyrst og framst vera tilstades med borna."

Vedlegg: -